



Roald Fyllingsnes  
Nedre Eikanger 1  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2793 - 19/21544

Saksbehandlar:  
Sverre Solberg  
SSO@lindas.kommune.no

Dato:  
03.07.2019

## Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 213/17 - "Naustteigen" av Eikanger Nedre, 5913 Eikangervåg.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for matrikkelen i kommunen. Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som geodata utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå Jordskifte og Vegvesen samt eldre skylddelingar. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggjingsføremål og andre ting.

Det har vorte meld inn feil på grenselinja mot gbnr 210/2 – sitt naust og ovanfornevnde eigedom av Roald Fyllingsnes. Sjå 2 av dei vedlagte karta «Før Matrikkelending».

Dette er no retta opp. Sjå det 3. kartvedlegget !

Det same er gbnr 213/2, F.nr. 1. Bygninga vart reven før 1950. 16. mai 2019, er festeavtalen sletta ex-officio i grunnboka hjå Kartverket på Hønefoss.

Grunneigaren hevdar også at nausta til gbnr 210/2, 212/6, 8 og 12 samt gbnr 213/3, ikkje står på sjølv-eigande grunn. Han meiner difor, at grenselinjene kring desse nausttomtane bør takast bort i Matrikkelen. Dette fordi gbnr 213/17 **eig grunnen under** bygningane.

Då det er to bygningar innanfor gbnr 213/17 som er merka 213/3 på kartet, gjer ein merksam på at dette gjeld **naustet** som er merka 213/3. **Ikkje den store sjøbua**, som også er merka 213/3 !

Høyrer me ikkje noko frå dykk innan 15. august 2019, vil me ta bort grenselinjene kring desse 5 nausta på «Naustteigen» i Eikangervåg. Sjå det 4. kartvedlegget i sendinga !

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast og innan 15. august 2019, senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:



Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.  
Tlf. 56 37 50 00. E-post:postmottak@lindas.kommune.no

Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar

Sverre Solberg  
avdelingsingeniør

**Vedlegg:**  
213-17 Vedlegg

**Mottakarar:**

Asle Eikanger	Mykingvegen 65	5913	EIKANGERVÅG
John-Andre` Askeland og Keth Sæland	Øvre Eikanger 38	5913	EIKANGERVÅG
Katrine & Leif Bjørnar Hopland	Fyllingsnesvegen 329	5913	EIKANGERVÅG
Roald Fyllingsnes	Nedre Eikanger 1	5913	EIKANGERVÅG
Siv Merethe & Olav Myhr	Mykingvegen 230	5913	EIKANGERVÅG
Solveig & Terje Namdal	Mykingvegen 153	5913	EIKANGERVÅG